

Kvartalsrapport

2-2011



SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 2. kvartal 2011

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei sju heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, EiendomsMegler 1 Geilo AS, Hemsedal EiendomsMegling AS og Hemsedal Regnskap AS. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har liten samla verknad på konsernresultatet. Etter 2. kvartal er samla verknad på konsernresultatet eit overskot på 0,1 mill. kr frå desse selskapa.

Banken eig 7,2% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 13 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 11,2 mill. kr av det samla konsernresultatet.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 26 mill. kr som tilsvarar 0,91% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 13,5 mill. lågare enn tilsvarande periode i fjor, men halvårsresultatet i fjor var prega av ekstraordinære postar.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 50,5 mill. kr mot 52,6 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,77%. I same periode i fjor var Rentenettoen 1,89%. Rentenettoen er under press som følgje av høgare innlånskostnader og konkurransesituasjonen på innskot og utlån. Den gjer det vanskeleg å kompensere høgare kostnader på innskot og innlån gjennom auka inntekter på utlån.

Banken har overført ein del av bustadlåna til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Banken får provisjon på desse låna frå boligkredittselskapet. For å få eit komplett bilete av Rentenettoen bør ein leggje til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for Rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,04% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 1,81% av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 1,96% i same periode i fjor.

Netto andre driftsinntekter utgjer 28,9 mill. kr mot 39,8 mill. i same periode i fjor. Den store forskjellen kan forklarast med at i fjor hadde banken ei stor inntektsføring i samband med fusjonen mellom danske PBS og norske Nordito. I tillegg har banken motteke noko mindre utbytte i år.

Driftskostnadane etter 2. kvartal aukar frå 32,1 mill. i fjor til 42,9 mill. kr i år. Den store auken skuldast omlegginga i føringa av pensjonskostnader som førte til ei tilbakeføring av 8,9 mill. i avsetningar i fjor og som var ei eingongsføring. Korrigert for dette aukar lønskostnadane med 0,9 mill. Andre kostnader aukar med ca. 1 mill. kr og er litt meir enn venta.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 1,8 mill. kr, og er ein del mindre enn same periode i fjor. Banken har ikkje konstatert nye tap i perioden, men har inntektsført 160.000 kr i innkome på tidlegare konstaterte tap. Nedskrivningar for tap hittil i år utgjer 2 mill. kr.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 5.651 mill. kr. Forvaltningskapitalen er redusert med 0,72% siste 12 månader.

Utlånsvolumet har som i første kvartal ei nokså flat utvikling. Totale utlån ved utgangen av 2. kvartal er 4.992 mill. kr, noko som er 108 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 2,2% siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein nedgang på 6,6%, medan personmarknaden har ein vekst på 7,9% siste 12 månader. Samla utlånsvækst siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkreditt er 3,3%. Banken si relative

balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 35,5% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 64,5%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 118,3 mill. kr av utlånsvolumet. Mislegholdet utgjer 2,4% av brutto utlån og er på eit høgare nivå enn ønskeleg. Banken har eit særleg fokus på oppfølging av tapsutsette engasjement. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 41,8 mill. kr per 2. kvartal og er ein auke på 1,8 mill. kr frå årsskiftet. Misleghold og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 255 mill. kr (sertifikat og obligasjonar). Norske og utanlandske aksjar som blir forvalta av eksterne forvaltar er bokført til 42,2 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andeler i dotterselskap utgjer 175,6 mill. kr.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.546 mill. kr, og er ein auke på 39 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er auken siste året på 1,1%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 71% mot 71,8% på same tid i fjor.

Banken har per 2. kvartal til saman 1.249 mill. kr i eksterne innlån, 4 obligasjonslån på til saman 899 mill. kr, eit sertifikatlån på 100 mill. kr og 2 banklån pålydande til saman 250 mill. kr. Av innlåna har 100 mill. kr løpetid på under eit år. Banken har 50 mill. kr i kommitterte trekkrettar med løpetid til august 2012. I tillegg kjem ein oppgjerskreditt på 40 mill. kr.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,3% ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

SpareBank 1 Hallingdal inngjekk i 2010, saman med dei andre eigarane av SpareBank 1 Boligkreditt AS, ei avtale om etablering av ein likviditetsfasilitet for selskapet. Dette medfører at banken kommitterer (forpliktar) seg til å kjøpe boligkredittobligasjonar avgrensa til ein samla verdi av tolv månadar forfall i Boligkreditt. Kvar eigar heftar prinsippalt for sin del av behovet, subsidiært for det dobbelte av det som er det primære ansvaret i same avtale. Obligasjonane kan deponerast i Norges Bank og medfører såleis ingen vesentlig auke i risiko for banken.

Framtidsutsikter

Det lokale reiselivet melder om større trafikk i hittil i sommar enn kva som var tilfelle i fjor. Det gir grunn til ei forsiktig optimisme, men som bank merkar me at aktiviteten er på eit lågare nivå enn for nokre år sidan. Kredittetterspørselen frå det lokale næringslivet er framleis avtakande, og viser at aktiviteten ikkje tek seg opp så raskt som me kunne ønskje. Innafor utlån til private ser me at aktiviteten er på eit noko høgare nivå, men utlånsvæksten så langt i år er under det som er forventa. Lågare aktivitet gir også mindre sal av andre produkt. Banken ventar litt sterkare vekst utover hausten.

Norges Bank sette opp styringsrenta i mai etter å ha vore uendra i over eit år. Det er venta at dette var første auken i ei periode framover med stigande rente. Presset på banken si toppline er framleis merkbar pga. hard konkurranse mellom finansinstitusjonane om låne- og innskotskundane. Bankane sine innlånskostnader er framleis høge ettersom marknaden framleis er uroleg for statsgjelda i fleire land. Summen av dette er eit svært sterkt press på bankane sin Rentenetto.

Utlånsvækst er alle finansinstitusjonar sin «motor» i aktiviteten og med lågare aktivitet blir heller ikkje resultatet som forventa. Det krev eit auka kostnadsfokus framover.

Hallingdal, 30.06.11/15.08.11

Kjell Vidar Bergo Ragnhild Kvernberg Kjell R. Kristiansen
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Vidar Isungset Mikael Fønhus Kristin Ourom

Resultatrekneskap 2. kvartal 2011 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 10	2. kv. 10	2. kv. 11	30.06.10	30.06.11		30.06.11	30.06.10	2. kv. 11	2. kv. 10	Året 10
231 210	57 276	57 812	112 513	115 798	Renteinntekter og liknande inntekter	114 517	111 256	57 117	56 587	228 544
124 778	30 553	32 514	59 955	65 264	Rentekostnader og liknande kostnader	65 337	59 984	32 514	30 573	124 673
106 432	26 723	25 298	52 557	50 534	Netto rente- og provisjonsinntekter	49 180	51 272	24 603	26 014	103 871
14 603	12 506	9 280	13 825	9 637	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	12 958	14 060	7 556	8 792	30 589
37 790	9 345	9 280	18 494	18 308	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	18 308	18 494	9 280	9 345	37 790
2 141	505	620	953	1 289	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 289	953	621	505	2 142
2 665	5 695	-599	7 105	1 843	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	1 843	7 105	-600	5 694	2 665
2 297	593	194	1 304	397	Andre driftsinntekter	9 422	9 969	4 391	4 404	19 193
55 214	27 634	17 535	39 776	28 896	Sum andre inntekter	41 242	48 675	20 006	27 730	88 095
161 646	54 356	42 833	92 333	79 430	Sum driftsinntekter	90 422	99 947	44 609	53 744	191 966
62 330	4 953	14 571	22 774	33 065	Løn og generelle administrasjonskostnader	39 263	28 282	17 419	7 195	72 724
1 718	426	477	851	957	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	3 811	3 525	1 994	1 762	7 029
18 250	4 540	5 049	8 453	8 930	Andre driftskostnader	7 270	6 373	4 457	3 549	14 781
82 298	9 919	20 097	32 079	42 952	Sum driftskostnader	50 344	38 180	23 870	12 506	94 534
79 348	44 437	22 736	60 254	36 478	Resultat før tap	40 078	61 767	20 739	41 238	97 432
13 314	2 375	953	5 507	1 814	Tap på utlån, garantiar mv	1 814	5 507	953	2 374	13 314
-5 538					Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt					-5 699
71 572	42 063	21 783	54 747	34 664	Resultat etter tap	38 264	56 260	19 786	38 864	89 817
15 222	12 000	5 300	15 300	8 700	Skatt på ordinært resultat	8 993	15 818	5 352	12 226	16 112
56 350	30 063	16 483	39 447	25 964	Resultat av ordinær drift etter skatt	29 271	40 442	14 434	26 638	73 705
					Minoritetens andel	0	16	0	-41	115
56 350	30 063	16 483	39 447	25 964	Resultat	29 271	40 426	14 434	26 679	73 590

Nøkkeltal

	MORBANK			
	2. kv. 11	2. kv. 10	Året 10	Norm 10 *)
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,77	1,89	1,88	1,77
Driftskostnader i % av driftsinntekter	54,08	34,74	50,91	
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,51	1,59	1,46	1,27
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	9,09	15,03	9,53	
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	6,81	10,83	7,50	9,13
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,04	0,11	0,27	0,24
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	2,22	0,57	1,62	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	1,11	1,91	0,73	
Innskot i % av brutto utlån	71,03	71,81	71,55	
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	-0,72	-1,14	1,15	4,75
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	761 624	705 747	763 059	
Kapitaldekning	17,32	16,12	17,79	17,00
Eigenkapitalprosent	14,04	13,23	13,34	8,71
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,84	0,65	0,81	0,83

*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Balanse per 30. juni 2011 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.10	30.06.10	30.06.11	EIGEDELAR	30.06.11	30.06.10	31.12.10
24 094	21 311	16 281	Kontantar og fordringar på sentralbankar	16 281	21 311	24 094
306 718	294 529	159 804	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	160 301	294 862	306 764
4 945 957	4 883 803	4 992 171	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 913 425	4 801 471	4 866 300
-21 097	-14 440	-20 903	- Individuelle nedskrivningar	-20 903	-14 440	-21 097
-18 900	-16 900	-20 900	- Gruppevise nedskrivningar	-20 900	-16 900	-18 900
4 905 960	4 852 463	4 950 368	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 871 622	4 770 131	4 826 303
280 291	290 824	254 976	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	254 976	290 824	280 291
98 026	85 210	105 984	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	106 969	86 302	99 010
75 853	60 949	82 780	Eigarinteresser i tilknytta selskap	139 626	100 091	128 472
24 454	23 777	29 078	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
103	1 230	103	Immatrielle eigedelar	13 837	13 937	11 106
11 323	10 303	11 223	Varige driftsmidar	101 408	102 348	97 859
6 573	13 206	12 059	Andre eigedelar	12 059	13 206	6 573
28 328	38 255	28 509	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	35 662	44 442	38 753
5 761 723	5 692 057	5 651 165	Sum eigedelar	5 712 741	5 737 454	5 819 225
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
292 000	392 000	250 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	251 490	392 915	292 598
3 538 958	3 507 072	3 546 098	Innskot frå og gjeld til kundar	3 541 540	3 503 203	3 535 088
1 123 239	948 417	999 090	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	999 090	948 417	1 123 239
23 251	30 010	15 071	Anna gjeld	17 740	33 697	26 435
7 858	55 268	39 960	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	40 778	55 494	9 452
7 693	6 424	7 693	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	13 048	11 541	11 636
4 992 999	4 939 191	4 857 912	Sum gjeld	4 863 686	4 945 267	4 998 448
0	0	0	Minoritetsinteresser	0	913	352
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	56 845	39 142	52 619
747 255	704 905	747 255	Annan eigenkapital	-4 350	-1 713	-918
21 469	8 514	20 034	Sparebanken sitt fond	747 255	704 905	747 255
0	39 447	25 964	Gåvefond	20 034	8 514	21 469
768 724	752 866	793 253	Sum eigenkapital	849 055	791 274	820 425
5 761 723	5 692 057	5 651 165	Sum gjeld og eigenkapital	5 712 741	5 737 454	5 819 225
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
586 637	600 314	615 968	Betinga forpliktingar	615 968	600 314	586 637

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 11	2. kv. 10	Året 10
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	118 321	73 708	107 076
- individuelle nedskrivning	21 095	10 483	20 889
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	97 226	63 225	86 187
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	0	56 033	453
- individuelle nedskrivning	0	4 315	200
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	0	51 718	253
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR			
Endring gruppe nedskrivning	2 000	0	2 000
Endring individuell nedskrivning	-23	5 327	11 967
Konstatert tap i perioden	0	317	318
Inngått på tidl.konst. tap	-163	-137	-971
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	1 814	5 507	13 314

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål Postboks 173 3571 Ål
Geilo Postboks 13 3581 Geilo
Gol Postboks 33 3551 Gol
Hemsedal Postboks 23 3561 Hemsedal
Valdres Postboks 183 2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

